

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 19.08.2019  
**SAKSHANDSAMAR:** Ivar Eriksen  
**SAKA GJELD:** **Val av styremedlemmer til styra i helseføretaka - oppnemning av arbeidsutval, prosess og føringar for val av styre**

**ARKIVSAK:** 2019/7645  
**STYRESAK:** **088/19**

**STYREMØTE:** **05.09. 2019**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest RHF oppnemnar følgjande personar til å utgjere arbeidsutval med oppgåve å utarbeide forslag til nye styremedlemmer i styra i underliggjande helseføretak:
2. Arbeidsutvalet blir oppnemnd for ein periode på 2 år.
3. Styret slutter seg til at dei føringar og moment som går fram av saka blir lagt til grunn ved samansetting av nye styre i helseføretaka
4. Forslag frå arbeidsutvalet blir lagt fram for behandling i styret i februar 2020.

## Oppsummering

Nye styre i helseføretaka i Helse Vest skal vere oppnemnde innan utgangen av februar 2020. Det er dei eigaroppnemnde representantane som skal oppnemnast i denne omgang.

Helseføretaka forvaltar viktige samfunnsoppgåver og store ressursar på vegne av fellesskapet og er store verksemder i samfunnet vårt. Det er viktig at dei eigaroppnemnde styremedlemmene i helseføretaka har kompetanse som kan reflektere oppgåvene i styret og utfordringane helseføretaka har. Det er vidare viktig at det blir gjennomført ein grundig og god prosess fram mot oppnemning av styra.

Formålet med denne saka er å:

- gjere framlegg om at styret oppnemnar eit arbeidsutval for å utarbeide forslag til nye styremedlemmer i HF-styra
- gjere greie for korleis prosessen fram til val av nye styre skal vere
- klargjere dei føringane og momenta som skal leggjast til grunn ved valet av styremedlemmer

## Fakta

Styremedlemmer i helseføretak blir valde av føretaksmøtet som også skal utpeike styreleiar og nestleiar. Tenestetida for styremedlemmer vil normalt vere to år, men helseføretakslova opnar likevel for at nyval kan finne stad før toårsperioden er omme. Dei sitjande styra i helseføretaka under Helse Vest RHF blei oppnemnde i føretaksmøte i februar 2018. Det er ikkje gjort endringar i nokon av styra i perioden.

Helseføretakslova set rammer for styra sitt ansvarsområde og arbeidsoppgåver. Samansetting og utnemning av føretaka sine styre er eit viktig eigarverkemiddel. Føretaka er etablerte som sjølvstendige rettssubjekt med ansvarlege styre, men inngår i den samla føretaksgruppa eigd og leia av Helse Vest RHF.

I Helse Vest RHF sine vedtekter heiter det følgjande i § 8 a om oppnemning av styremedlemmer i helseføretak:

*«Eieroppnevnte styremedlemmer i helseforetakene, herunder styreleder og nestleder, velges av foretaksmøtet.*

*Det enkelte styremedlem skal som styremedlem ikke representere geografiske områder, politiske organisasjoner eller andre interessegrupper.*

*Styrene skal samlet sett ha en kompetanse som står i forhold til de oppgavene styret har og de utfordringene helseforetaket står overfor.*

*Styret skal samlet sett ha en geografisk, partipolitisk og aldersmessig bredde, samt ivareta kravet til kjønnsmessig balanse etter reglene i aksjeloven § 20-6, jf. helseforetaksloven 21 første ledd»*

Styra i Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF har for inneverande periode alle elleve medlemmer, der sju er eigaroppnemnde medan fire er valde av og blant dei tilsette. Styret i Sjukehusapoteka Vest HF har ni medlemmer, der tre medlemmer er valde av og blant dei tilsette. Det blir i denne saka ikkje gjort framlegg om å endre tal styremedlemmer.

## **Kommentarar**

### Oppnemning av arbeidsutval

Det er ønskeleg å få lagt til rette for ein god involvering av styret i arbeidet med å utarbeide framlegg til nye helseføretaksstyre. Dette handlar både om prosess, arbeidsmåte og at det blir sett av tilstrekkeleg tid til arbeidet. Det er ein føresetnad for god involvering at styret er representert også i saksførebuinga og deltek i gjennomgang og vurdering av aktuelle kandidatar. For å sikre dette har det ved tilsvarende prosessar tidlegare år vore etablert ei ordning med bruk av arbeidsutval. Erfaringane med dette er gode, og det blir derfor i denne saka gjort framlegg om at styret, også denne gang, oppnemner eit arbeidsutval som saman med administrasjonen får i oppgåve å utarbeide forslag til nye styre. Forslaget blir deretter behandla av det samla styret i styremøte. Endeleg oppnemning skjer i påfølgjande føretaksmøte.

Samansetting av arbeidsutvalet har tidlegare år vært styreleiar, nestleiar, eit eigaroppnemnd styremedlem og eit styremedlem vald av og blant dei tilsette. Ved utpeikinga er vektlagt at alle deler av regionen (føretaksområda) er geografisk dekkja samt at både eigaroppnemnde styremedlemmer og styremedlemmer valde av og blant dei tilsette er representerte i utvalet.


Administrasjonen tek seg av sekretariatsfunksjonen for utvalet.

Styra i helseføretaka er underlagt krav om at dei skal evaluere eiga verksemd. Evalueringa er først og fremst eit verktøy for internt forbetningsarbeid i styret, men skal også gi eigar eit betre kunnskapsgrunnlag for å vurdere korleis styret fungerer og korleis det er samansett med tanke på dei oppgåver dei skal løyse. Det er frå departementet presisert at styra skal formidle deler av evalueringa til eigar. Gjennomgang av denne tilbagemeldinga vil vere ein del av arbeidsutvalet si oppgåve.

Eit arbeidsutval vil kunne ha ein funksjon også ved moglege suppleringsval i tenesteperioden. Det blir derfor gjort framlegg om at arbeidsutvalet blir oppnemnd for ein periode på to år.

### Tidsplan for prosessen fram til val av nye styre

Det blir lagt opp til at ein har god tid frå arbeidet startar til endeleg vedtak blir tatt i føretaksmøta. Dette for å sikre brei involvering og gode prosessar.



### Generelt om samansetting av styra i helseføretak

Helseføretaka forvaltar viktige samfunnsoppgåver og store ressursar på vegne av fellesskapet og er store verksemder i samfunnet vårt. Det er viktig at dei eigaroppnemnde styremedlemmene i helseføretaka har kompetanse som kan reflektere oppgåvene i styret og utfordringane helseføretaka har.

Styra skal vere kollegiale organ, og i tråd med føretaksmodellen representerer ikkje eigaroppnemnde styremedlemmer i helseføretak politiske organisasjonar, geografiske område eller andre interessegrupper.

Helseføretakslova er også bygd på ein føresetnad om at styra blir sett saman slik at dei har legitimitet i befolkninga, og at styret til saman innehar den naudsynte kompetanse til å ivareta det oppdrag og det ansvar styret er pålagt gjennom lovgiving og av eigar.

Lova inneheld ingen nærare kvalifikasjonskrav til styre si samansetting, men det er likevel rimeleg klart at føretaksmøtet vil vere forplikta til å sørge for at styra får ei samansetting av personar som til saman har den breie kompetanse og evne til å leie føretaket som er naudsynt.

### Sentrale moment ved oppnemning av helseføretaksstyra

I tillegg til kravet om tilstrekkeleg samansett kompetanse vil følgjande moment vere sentrale ved samansetting av helseføretakstyra:

- sikre kontinuitet og fornying
- sikre variasjon i kjønn, alder, utdanning og yrkesbakgrunn
- naturleg tilknytning til regionen
- habilitet
- RHF representasjon i helseføretaksstyra
- brukarkompetanse
- tid til å utføre styrevervet

Det vil i det følgjande bli gitt utfyllande kommentarar til nokre av desse momenta.

#### *Representasjon av begge kjønn*

Helse- og omsorgsdepartementet har vore tydelege på at krava til kjønnsbalanse må bli ivareteke ved samansetting av helseføretaka sine styrer. Gjeldande regelverk krev at kvart kjønn skal være representerte i styret med minst 40 %. Helse- og omsorgsdepartementet har uttrykt at det er eit siktemål å oppnå ein tilnærma 50:50 balanse ved oppnemninga av regionføretaksstyra. Tilsvarande ambisjon bør gjelde ved oppnemning av helseføretaksstyra.

#### *Geografisk tilknytning*

I helseføretakslova § 21 tredje ledd er det slått fast at i regionale helseføretak skal styremedlemmer som blir valde av føretaksrådet, ha tilknytning til regionen. Grunngevinga for at det blei sett eit slikt krav i lova, var at det blei sett på som viktig at styra har kjennskap til den regionen dei skal tene.

Lova fekk inga tilsvarande føring for styra i helseføretaka. Det betyr likevel ikkje at ein står heilt fritt med omsyn til styremedlemmene sin lokale tilknytning. Grunnen til at spørsmålet ikkje blei regulert i lova, var at dei same omsyna ikkje alltid ville gjere seg gjeldande i forhold til HF-styra som for RHF-styra. Eit helseføretak vil ikkje nødvendigvis tena eit bestemt geografisk område. Lovgivar såg at det kunne tenkjast å vere stor variasjon mellom helseføretak, og det ville derfor vere lite hensiktsmessig å utforme ei lovføresegn om lokal forankring for styra i helseføretak.

I førearbeida til lova er det uttala at helseføretak som typisk utgjer eit lokalsjukehus, bør ha ei samansetting som har kjennskap til og tilknytning til det lokalmiljøet sjukehuset skal tena. I tillegg er det understreika at ein la til grunn at dei regionale helseføretaka sjølv ville ivareta dette omsynet ved val av dei lokale HF-styra. Med dette som bakgrunn, og sett hen til den helseføretaksstruktur vi har i vår region, vil det vere mest i samsvar med lova sine intensjonar dersom styra i helseføretaka i hovudsak blir sett saman av personar som kjem frå det området som det aktuelle helseføretaket primært skal tene.

#### *Habilitet – potensielle kommersielle interesser*

Helse- og omsorgsdepartementet har i brev av 10. juni 2005 klargjort at personar med potensielle kommersielle interesser som anten sjølv leverer, arbeider eller har sentrale posisjonar i selskap som leverer konsulent- eller advokattjenester til føretak, ikkje vil vere

aktuelle som styremedlemmer i helseføretak. Det bør derfor gjerast ein habilitetsvurdering av aktuelle kandidatar.

#### *Styrerepresentasjon i eigne helseføretak for tilsette i Helse Vest RHF*

Det er frå helse- og omsorgsdepartementet tidlegare lagt til grunn at tilsette i Helse Vest RHF som direkte forvaltar "sørgje for"-ansvaret ikkje kan vere styremedlem i underliggjande helseføretak. For Helse Vest RHF inneberer det at administrerande direktør samt tilsette i fagavdelinga er utelukka frå å inneha styreverv i helseføretaka.

I føretaksmøte 30. januar 2013 blei det i tillegg slått fast at det normalt ikkje skal vere oppnemnt interne styreleiarar for helseføretak.

#### *Brukarkompetanse*

Både eigar og Helse Vest RHF legg stor vekt på brukarmedverknad både i forhold til arbeidet i det regionale helseføretaket og i helseføretaka. I Helseregion Vest blir brukarmedverknad i første rekkje ivareteke gjennom brukarutvala. Departementet har samtidig understreka at styremedlemmer ikkje skal representere nokon spesiell gruppe, men ha eit heilskapleg syn på styret sitt arbeid. Det er ikkje stilt særskilte krav til brukarrepresentasjon eller pasienterfaring i styra.

Frå 2017 er det lagt til rette for at representant frå brukarutvalet møter i styremøta som observatør med tale- og forslagsrett.

#### Kompetansekrav

Ved samansetting av helseføretaka sine styre er det ei rekkje kompetansekrav og andre behov ein må sjå hen til. Mellom anna er det – i tråd med helseføretakslova sine førearbeidar – viktig å ha tilstrekkeleg kompetanse om pasientrolla og pasientane sine interesser, om primærhelsetenesta og innsikt i forskning og utdanning.

Helseføretakslova inneheld elles ingen nærare kvalifikasjonskrav, men den styringsmodell som er lagt og føretaka sine rammevilkår tilseier at følgjande kompetansekrav er viktige for helseføretaksstyra:

- helsefagleg kompetanse
- innsikt i og relevant erfaring frå styrearbeid
- administrativ/organisatorisk kompetanse og erfaring frå organisasjonsutvikling og omstillingsprosessar
- økonomisk kompetanse
- bakgrunn frå helsefakultet/medisinsk fakultet, jf. Husebekktvalet
- rolleforståing som styremedlem i eit dotterselskap i eit konsern
- evne til å balansere styret sitt arbeid/sine utspel for å sikre at føretaket skaper tillit og tryggleik hjå pasientar og innbyggjarar

- evne til å balansere "i det opne landskap" der ein må ta omsyn til politiske føringar, krav frå eigar og forventingar frå tilsette og pasientar
- evne til å ha eit heilskapleg perspektiv på oppgåveløysinga
- evne til å etterleve og iverksetje vedtak fatta av overordna organ

### **Konklusjon**

Administrerende direktør vil rå til at det blir oppnemnt eit arbeidsutval med oppgåve å utarbeide forslag til nye styre i underliggende helseføretak i tråd med saksførelegget. Arbeidsutvalet bør bestå gjennom heile valperioden for å ta høgde for moglege suppleringsval i perioden.

Administrerende direktør vil i tillegg rå til at dei føringar og moment som går fram av saka blir lagt til grunn ved samansetting av nye styrer i helseføretaka.